



Pumpestasjonen som kommunen eig blir nytta i negativ retning for Rabben i samband med saka om toalettbygget, skriv Steinar Myklebust til kommunen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Steinar Myklebust på Rabben Camping har no skreve til kommunen og bedt om at pumpestasjonen som kommunen eig på campingplassen blir oppgradert. Pumpestasjonen gjer at luktlagene til tider er generande.**

Men hovudankepunktet til Myklebust er at stasjonen blir nytta i negativ retning mot Rabben i samband med den tidlegare omtala oppgradering av toalettbygget. Difor forlanger han at pumpestasjonen vert oppgradert til å tilfredsstilla dagens krav. Det har Myklebust fått stadfesta at den ikke gjer i den stand den er no.

For tida er det byggjestopp ved campinganlegget i påvente av reguleringsplanen og derfor blir ei slik oppgradering problematisk no. Men noko må gjerast før 2007-sesongen som startar i påsken, held Myklebust fram.

Han strekar under at ein pumpestasjon etter dagens krav ikkje er til hinder for den oppgradering han har søkt om.

Rabben kan slik situasjonen er no ikkje lenger tilby tilfeldig forbi kjørande bular toalett-tømming. Difor ber Myklebust om at kommunen fjernar skiltet for slike tenester,

Av Ola Matti Mathisen